

litt om serien:

Som kristne er du og eg djupast sett ikkje eigarar, men forvaltarar. Som menneske kan vi ikkje kunsten å leve, berre å ta imot liv. Og med livet som er gjeve oss, er vi Guds disponentar over ei mengd andre gode gåver frå han: tid, talent, relasjonar, materielle ressursar – og pengar. Den kristne haldninga til alt dette er: alt er gjeve meg, det er velsigningar frå Herren, Ja, Gud vil at vi skal ha det godt, men han velsignar oss også for at vi skal dele vidare. Vi er fri til å bruke alt – ikkje berre for mitt eige beste, men for å velsigne andre. Det betyr at alle ting vi disponerer i livet, også pengane, er ein integrert del av våre disippelliv.

litt om temaet:

Guds godleik og raushet er radikal. Den rettar seg ikkje berre mot dei flinke og greie, dei som verkeleg trur sterkt og oppriktig eller dei som har fortent eller kan yte tilbake. Gud har delt sin livsande med alle og gjeve Jesus Kristus som ei soning for alle våre synder. Han er grenselaust raus.

Men det må då vere grenser, må det ikkje – for vår raushet? Kor langt bør og kan vi strekke oss? Kor tid har vi delt nok? Og ikkje raus mot alle, vel?

Kristen raushet vil alltid sikte mot det radikale, og nettopp difor kan den bli anklaga for å vere anten naiv, eller overveldande, eller begge delar. Men gjevargleda stig ut av relasjonen til Gud, og har eigentleg ikkje tanke på om mottakar fortentar det eller kan betale tilbake. Dette er veldig annelis! Her er ikkje kalkulerte transaksjonar av ytelsar og motytelsar. Ekte raushet er blind for om eg likar eller ikkje likar mottakarane.

Skal vi då vente ingenting tilbake? Jo, det skal vi få lov til. Gud har allereie gjeve oss alt, og ein dag skal vi, ansikt til ansikt med Jesus, få i bøtter og spann. Og her og no skal vi få gleder over å sjå korleis di og mi gjevarglede kan endre hjarter, menneske og situasjonar.

Opne hender-men mot kven?

lære

Luk 6,31-38

Kva er det Jesus fortel at bør skilje dei som vil følgje han frå andre i denne teksten?

Korleis ser du for deg biletet i v. 38?

V. 35 fortel oss at vi ikkje skal vente noko att, men v. 38 høyrast ut som eit løfte om å få meir enn vi har gjeve. Korleis tenkjer de om denne spenninga?

vere

Har du fått noko du ikkje venta å få nokon gong? Kva gjorde det med deg? Ville det vore det same om gåven var forventa?

Ta ei runde på kva de kan rekne som Guds gode gåver til dykk. Ver konkrete. Korleis kan menneske som ikkje kjenner Jesus forstå kva Gud har gjeve dei, tenkjer de?

gjere

I vår tid står mange i fare for å utvikle flokkmentalitet, der «vi» er einige og gode, og «dei» blir fjerna frå feeden vår i sosiale media, og er vanskelege å forstå eller berre onde. Korleis kan vi vere med å motverke dette, og heller skape forståing og bygge bruer med pengane og tida vår?

ære

spel av
eller syng
(forslag)

Salme:

Lovsong:

434 «Kallet» / «Det er navnet ditt»

«Hvil deg» (Arnold B. Family)

«Hosanna» (Hillsong United)



opne hender

om gjevarglede og raust liv

bøn

Takk Jesus for at han kom for å rive ned skiljelinar mellom menneske, så alle får høyre han til. Be om hjelp til å leve slik at dette visast igjen.

Be om Den Heilage Ande si hjelp til å forvalte det de har fått og bruke det rett.